

Midtjørstad (gnr. 166)

Midtjørstad var ein tvibølt gard med ei lang fortid alt i 1657. Da var Amund vorte brukar på øvre Midtjørstad; på nedre Midtjørstad heitte brukaren Oluf. Oluf hadde største garden, og krøterhaldet var hos han 3 hestar, 11 naut, 16 sauer og 2 griser, hos Amund på Oppigard var derimot buskapen 1 hest, 9 naut, 11 sauer og 2 griser. I 1665 er det opplyst at Amund Hågensen Midtjørstad, som namnet vart skrivi, var 50 år, og at Knut Olufsen på Nigarden var 30 år.

Etter matrikkelen av 1668 er det vidare fortalt at den samla landskylda av Midtjørstad da var 5 ½ hud, som mest alt var bortbygsla til andre; Kaptein Jacob Michelet åtte 2 huder, major Poffuels born også 4 huder, og borgarmeister Niels Lauridtsens arvingar var eigar av 1 huds skyld. Resten låg i 1624 til Brynhild Jørstad. Dessutan er det i 1668 fortalt om garden Midtjørstad at enga, innmarka der var god, og at meir kunne dyrkast. Det var skog nok til gards bruk og Midtjørstad hadde alt da seter og sommarbeite til krøtera på Skjelbreien seter. Buskapen av store husdyr var til saman 5 hestar og 25 storfe, og korntienda vart utreidd med 5 tdr., som altså svara til ei årleg avling på 50 tdr.

Av eit skjøte frå 1705 går det fram at Hågen, son til Amund øvre Midtjørstad, da selde denne garden til Ole Tråset. Gardane var da delte slik at kvar av dei hadde ei landskyld på 2 huder 3 skinn. Same året, er det og fortalt, at brukaren Arne Knutsen på Nigarden gav pantebrev i garden for eit lån på 80 rd. til Henning Siverson Skaug, så han åtte da sikkert iallfall ein del av garden sjølv. Arne Knutsen som her er nemnt, var gift med Mari Olsdr. Torgersrud og vart stamfar til slekta på garden, som frå Arne gjekk i arv frå far til son i minst 5 ættleder.

På vintertinget 15. febr. 1715 vart det tinglyst 3 dokument om Midtjørstad: Olluf Kristofersen let lesa skjøtet sitt på 3 skinn odelsjord i ”Mit Gjørstad, Fagstberg kaldet”, som han hadde kjøpt av Sven Hågensen. Soldat Nils Nilsen let lesa bygselseddelen sin på ”Mit-Jørstad, skyld 2 huder 3 skind”, som han hadde bygsla av Kristofer Tråset. Endeleg hadde Oluf Tråset innstemna Peder Nordhove ”fordi han bruker hans gård Mit Jørstad, som han ikke beor, men for akter gården og dens bygningar – ”.

I matrikkelframlegget frå 1723 er det fleire opplysningar om Midtjørstad i den tid. Om garden under eitt er det da fortalt at han ligg i sollia, og at jordarten er god og fruktbar, men at garden og er tungbrukt. Buskapen av store husdyr på kvar av gardane var 2 hestar og 1 føl, 16 storfe og høavylinga var årleg kring 25 lass. Av korn var det årleg avla kring 30 tdr. bygg og litt rug, og gardane hadde kvern isaman i Kvernåa eller Haltjinsåa. B rukar og odelseigande bonde på øvre Midtjørstad var da Peder Halvorsen, og på nedre Midtjørstad Arne Knutsen. Elles åtte Geheimråd Housmann jordgods for 6 skinn i Midtjørstad.

Om Peder Halvorsen på øvre Midtjørstad er elles å fortelja at han var fødd i 1688 og vart gift med Margrete nedre Dal. Dei hadde forutan sonen Halvor to tvillingpar: Arne og Sønnøv, som far fødte i 1732, og Sessel og Marit som var fødte i 1735.

Om eit lokalt uver fortel ei tingsvitnesak frå 1736: Peder Halvorsen Midtjørstad let da tinglyse at han hadde lidd stort tap på kornet sitt ”i skuronna siste sommer (1735) av en haglskur”.

Erik Øvre Jørstad og Tomas Hågensen kunne vitne at det var sant.

I 1738 var Arne Knutsen på nedre Midtjørstad og kona hans, Mari Olsdr. Torgersrud vorte samde om å skifte med borna sine medan dei bae var i live. Ved dette skiftet vart det opplyst at skylda på garden var 2 huder og 9 skinn, og at arvebuet utgjorde brutto 340 rd, og netto 191 rd. Arvingane ved skiftet var dei 5 vaksne borna deres. Av desse var Ole Arnesen da 30 år, Erland var 27 år, Knut 25 år, Amund 22 år og Beret 19 år.

Same året, altså i 1738, var det og brukarskifte på Oppigard Midtjørstad, der enka Margrete Arnesdr. da gav skjøte til Ole Larsen Søndre Jørstad på Midtjørstad øvre. Det er fortalt at garden da var ”forpantet til sogneprest Bircherod for 300 rd. Kjøpesummen for garden var ved

handelen 320 rd. + føderåd til enka for livstid. Dette brukarskiftet gjekk elles ikkje over uanstrid, for 2 år seinare meldte Halvor Pedersen med morbror Torger Nerdalen seg som odelspretendent til Oppigard Midtjørstad.

Ole Larsen Jørstad brukte likevel Oppigarden til i 1745, men da var han flytt til Steine på Ringerike og selde Midtjørstad med "underliggende Faxberg av skyld årlig 2 huder 9 skind for sum 500 rd". Samtidig lånte kjøparen Simen Larsen Jørstad 200 rd. av Peder Iversen Bøe i Gausdal mot lovleg rente 5% og 1. pr. pant i "Nordre Mitt Jørstad", som gardnamnet der er skrivi. – Odelssaka gjekk elles sin gang og vart 9. okt. 1747 ordna ved forlik som etter utskrift har denne ordlyden:

"Partene kom efter en del mellehandling til følgende forlik: Halvor Pedersen med kurator Hans Roland erklærte at han var kommet i erfaring om at hans avd. far Peder Halvorsen ikke hadde besittet denne gård mer enn 19 år, og såleis ikke hadde fanget hevd. Halvor Pedersen vil derfor aldrig herefter komme med odelsøksmål til garden. Hans mor Margrete Andersdatter erklærte at hun i eitt og alt vedkjendte sig sitt skjøte til Ole Larsen. Simon Larsen tilkjennegav at skjønt Halvorsen Pedersen ved denne prosess har påført ham adskillig bryderi, vil han likevel av kjærlighet til ham som sin frende, uttelle til ham 40 rd. som en vitterlig gjeld. Al prosess og missforståelse mellem parterne er dermed opphevet."

I tillegg til dette vart det den 13. juni 1748 også avsagt slikt forlik: "Forlik: Sidsel Christensdatter skal herefter som før følge gården Midt-Jørstad og nyde sitt opphold av Simon Larsen og hans efterkommere."

Same dato, altså 13. juni 1748, gav Simon Larsen også obligasjon til Erik Bjerke og Christen Gustum mot lån .

Etter atter 2 år gav i 1751 Simon Midtjørstad bygselseddel til Thomas Iversen på "en under hans gård midtjørstad til og underliggende husmannsplads Krichlum kaldet" mot at han skulle svara 3 rd. i arbeid i årleg husleie. Endeleg fekk i 1755 den "formentlige rette odelsmand" Halvor Pedersen skjøte på Midtjørstad med Faxberg av skyld 2 huder 9 skinn for 850 rd. Det var da 15 år sidan mor hans selde Midtjørstad til Ole Larsen på Søgarden Jørstad. I samband med overtakinga av fedregarden lånte så Halvor Pedersen 800 rd. av soknepresten til Fåberg Nils Stochflet mot årleg lovleg rente 5% av 1. pr. pant i Midtjørstad "samt sitt løsøre".

Året etter brygde det i 1756 opp til ein uhyggeleg strid mellom husmannen Thomas Iversen i Kriklom og husbonden Halvor Midtjørstad. Husbonden hadde stemna husmannen for "ulydighet", men da stemnemålet ikkje kunne bli avhjemla, måtte saka setjast ut til eit seinare ting. Saka kom så oppatt på tinget 17. sept., og det vart avsagt slikt forlik:

"For Thomas Iversens bekostninger på plassen Krækliens huse og jord betaler Halvor Midtjørstad til fk. 14. mars 30 rd. uten fradrag for betalt dette års husleie, hvorimot Thomas Iversen til 14. april fraviker og ryddiggjør plassen."---

Ole Arnesen på nigarden Midtjørstad brukte garden til han døde i 1756. Enka Sessel Kristensdr. heldt så fram som brukar til i 1762. Da gav ho skjøte på garden til Eldste sonen sin Arne Olsen for 350 rd. + føderåd. Ho levde elles til ho vart 90 år.

Arne Olsen Jørstad som da tok over som brukar på nigarden, var fødd i 1737 og vart gift med Ragnhild Tomasdr. Bjørstad f. 1749. Arne Olsen Jørstad hadde elles 6 søsken. Det var: 1. Kristen f. 1739, 2. Anne f. 1741, 3. mari f. 1746, 4. Amund f. 1749, 5. Sigrid f. 1751 og 6. Nils f. 1754, som vart gift med enka på søre Rustad.

Halvor Pedersen på øvre Midtjørstad brukte garden til han døde i 1775. Ved skiftet i samband med dødsfallet vart Oppigarden da verdsett til 800 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Kari Hågensdr. Dei 4 borna i ekteskapet. Det var: 1. Peder Halvorsen f. 1756, som vart gift med Eli Olsdr. Bjørstad, 2. Margrete f. 1759 og g.m. Ole H. Alfsberg, 3. Hågen f. 1763, 4. Kristen f. 1768 og g-m- Sønnøv Olsdr. nedre Jørstad. Enkelotten var ved skiftet 148 rd., kvar av sønelottene 43 rd. og søsterlotten 21 rd. Enka Kari Hågensdr. Giftn seg elles oppatt med Hågen Kristofersen, og dei brukte Oppigard saman til i 1786, da dei gav skjøte til

odelsarvingen sonen Peder Halvorsen på farsgården for 800 rd. Fire år seinare fekk han og skjøte på ymse slag inventar for i alt 326 rd.

Av ei kvittering frå 1776 går det fram at Kristen Olsen Midtjørstad nedre da var skoleholder i Fåberg, og at han var gift med Sønnøv Holmsdtr. Av ei anna kvittering frå 1784 går det fram at syster til Kristen skoleholder, Sigrid Olsdtr. Midtjørstad, var gift med Lars Gundersen Rusten.

I 1791 var husfrua på Nigarden Midtjørstad, Ragnhild Thomasdtr.død, og det var arveskifte etter henne. Ved dette skiftet vart Nigarden taksert til 500 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1174 rd. og netto 1140 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Arne Midtjørstad dei 5 borna i ekteskapet. Av desse var Ole Arnesen da 21 ½ år, Tomas var 20 år, Erland 18 år, Sidsel 14 år og Marte 6 år. – Eldste sonen, Ole Arnesen, overtok garden i 1791 og gav med det same føderådsbrev til faren Olsen. Kjøpesummen for garden var da 500 rd.

Ole Arnesen Jørstad, som her er omtala var fødd i 1770 og vart i 1795 gift med Mari Pedersdtr. øvre Jørstad. Dei hadde 6 born som vi kjenner namnet på. Det var: 1. Arne, som var fødd 1797, og som vart gift med Kristine Arnesdtr. nedre Dal, f, 1812, b. Rønnaug f. 1790, gift 1820 med Ole Larsen Korsrud f. 1796, c. Anne f. 1803, død 1806, d. Anne f. 1806 gift 1834 med kunstmålar Arne Larsen Smerud, fødd 1801, e. Pauline, f. 1810, gift 1834 med Arne Olsen på Skog f. 1812, f. Erland f, 1812 gift 1831 med Berte Simensdtr. Tollersrud, f. 1812.

Frå 1799 er ei kontrakt mellom Peder Halvorsen og Ole Arnesen Midtjørstad på den ene sida og brukarane på grannegardane Mælum, øvre Jørstad og Øvstedal på den andre sida om ei sag i Kvernåa eller Hæltjinsåa. Saga låg i deres felles sameigeskog og mark, men det var brukarane på Midtjørstad som hadde kosta og bygd ho opp. Alle partar vart da samde om ei sålydande kontrakt:

”1. For å hindre for meget hugst i denne skog og mark bestemmes at: mellem og øvre Jørstads oppsiddere hugger årlig hver for sig 3 tylter sagtømmer og nedre og Øvre Midtjørstad og Øfstedals oppsiddere hver for sig 2 tylter; dette skal skjæres på bemeldte sag.
2. Imot betaling til sageierne med 12 s. for hver tylt bord av det som ikke er over 8 al. laagt og av det som er længere nyder sageieren årlig sagleie. Hvis ikke sagleien betales, så har sageieren rett til å ta hvert 3. bord av dens lod som ikke har betalt til rett tid.
3. Når denne sag av forrådnelse bliver Brøstfeldig så skal sageierne tilby deres naboer om de vil være med å bygge den op igjen, men hvis disse vegrer sig så har førstnevnte rett til at bygge den som de helst finner for godt.”

Frå år 1800 er ei merkeleg føderådskontrakt mellom Ole Arnesen Midtjørstad og farbror hans, Nils Olsen Rustad: Nils Olsens hustru, Kari Kristensdtr. søre Rustaden, hadde der på garden tatt seg føderåd og var der. Men da Nils Olsen selde garden Rustad, kunne han ikkje få korkje husrom eller noko til opphaldsmidlar av garden mot betaling, og han vart nødt til å tilhandle seg opphald hos brorson sin Ole Arnesen Midtjørstad.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 tri familier på Oppigard Midtjørstad og 4 familier på Nigarden Midtjørstad. Dei 3 familiene på øvre Midtjørstad var:

1. familie: Peder Halvorsen, husbonden, 45 år, 2. Eli Olsdtr., kona hans, 42 år. 3. Halvor Pedersen, son deres, 15 år, 4. Ole Pedersen, son deres. 9 år, 5. Hågen Olsen, tenestkar, 43 år. 6. Halvor Olsen, tenestkar, 26 år, 7. Berit Larsdtr., tenestkvinne, 30 år, 8. Berit Kristensdtr., tenestkvinne, 26 år. 9. Peder Olsen, legdbarn, 14 år.
2. familie: 1. Hågen Kristofersen, føderådsmann, 70 år, 2. Kari Hågensdtr., kona hans, 78 år.
3. familie: 1. Kristen Olsen, husmann med jord, dragon, 38 år, 2. Ingrid Gundersdtr. Kona hans, 36 år, 3. Ole Kristensen, son deres. 7 år, 4. Kirsti Krensdr., dotter deres. 9.

år, 5. Eli Kristensdtr., 2 år, 6. Gunnild Gunnersdtr., syster til kona, 35 år, 7. Torger Kristensen, son hennar, 5 år.

Samtidig var dei 4 familiene på nedre Midtjørstad:

1. familie: 1. Ole Arnesen, husbonden, soldat, 31 år, 2. Mari Pedersdtr., kona hans, 24 år, 3. Arne Olsen, son deres, 4 år, 4. Rønnaug Olsdtr., dotter deres, 2 år, 5. Thomas Arnesen, tenestkar, soldat, 29 år, 6. Kristen aulsen, tenestkar, 28 år, 7. Åsta Johansdtr., tenestkvinne, 39 år, 8. Marit Amundsdr., tenestkvinne, 37 år, 9. Marthe Arnesdtr., syster til husbonden, 16 år, 10. Arne Olsen, far til husbonden, føderådsmann, 64 år, 11. Sidsill Kristensdtr., føderådskone, 87 år.
2. familie: 1. Nils Olsen, føderådsmann, 47 år, 2. Kari Kristensdtr., kona hans, 53 år.
3. familie: 1. Johannes Jacobsen, husmann med jord, 53 år, 2. Mari Knutsdtr., kona hans, 48 år, 3. Kari Larsdtr., tenestjente, 12 år, 4. Marit Eriksdtr., mor til kona, 78 år.
4. familie: 1. Jacob Olsen, husmann med jord, 28 år, 2. Kirsti Jacobsdtr., kona hans, 44 år.

Thomas Arnesen Midtjørstad, som her i manntalet av 1801 har yrkesmanet ”tenestkar, soldat” måtte vera ein nær på rik mann for si tid. Av eit kommisjonsforlik i 1802 går det fram at han hadde 728 rd. til gode av ein gardbruker i Fåberg.

På Oppigard Midtjørstad gav i 1808 Peder Halvorsen skjøte til eldste son sin, Halvor Pedersen, på fedregarden Midtjørstad for sum 1200 rd. + føderåd til gamle Haagen Midtjørstad og foreldra Peder Halvorsen og hustru. I dette skjøtet står det elles eit tillegg om at hvis kjøparen vil selja Midtjørstad att, skal han først by fram garden til bror sin, Ole Pedersen, for sum 1800 rd.

Halvor Pedersen, som da tok over som brukar på Oppigard, vart i 1808 gift med Kari Torgersdtr. Nerdalen, og dei fekk 2 søner som levde opp: Peder. F. 1811 og Torger f. 1821. Av dei vart Peder Halvorsen i 1837 gift med Anne Eriksdtr. Bratland, og broren Torger Halvorsen vart i 1853 g.m. Johanne Amundsdr. Moen. – Frå Halvor Pedersen si brukartid er det elles opplyst at han i 1819 lånte 300 spd. i den nye Norges Bank.

Nett same året kom i 1819 ei matrikkeltilråding med nye opplysningar om gardane. Om Midtjørstad er det der fortalt at på Oppigard var buskapen av store husdyr da 4 hestar og 20 storfe og den årlege kornavlinga var kring 75 tdr. eller 7 foll av utsæden, som vart rekna som topp i den tid. Sju foll eller ca. 70 tdr. vart kornavlinga også oppgitt til på Nigard Midtjørstad, og buskapen av store husdyr var der 4 hestar og 18 storfe. Det er elles opplyst at på Nigard var det da 2 husmannsplassar, på Oppigard var det 1 husmannsplass.

På Oppigard Midtjørstad brukte Halvor Pedersen garden vidare til i 1824. Da gav han skjøte til Kristen Olsen Alfsberg for kjøpesum 1400 spd. + føderåd. Om den nye brukaren er å fortelja at han i 1826 gifta seg med Ingeborg Hansdtr. Bleken, og at dei fekk to born, døtrene Mathea og Johanne. Mange år seinare vart Mathea gift med Hans Simensen Tollersrud og vart husmor på Oppigard Midtjørstad. Søstera Johanne, som var to år yngre, vart gift med Kristian Kr. Dahl.

På Nigard Midtjørstad brukte Ole Arnesen, f. 1770, som var gift med Mari Pedersdtr. øvre Jørstad, garden sin Midtjørstad til i 1883. Da gav han skjøte til sin son, Erland Olsen, på grd. Midtjørstad for kjøpesum 900 rd. + føderåd. – Erland Olsen, som da tok over Nigarden, var den yngste av 6 søsken. Eldste broren, Arne, f. 1797, var vorte gift med Kristine Arnesdtr. Nedre Dal og var husbonde der. Søstera Rønnaug, f. 1799, var gift med Ole Larsen Korsrud, søstera Anne, f. 1803, døde 3 år gamal, søstera Anne f. 1806, vart i 1834 gift med kunstmålaren Arne Larsen Smerud f. 1801, søstera til Anne, Pauline Midtjørstad, f. 1810, vart same dag og dato som søster Anne, 20.2.1834, gift med Arne Olsen på Skog. – Sjølv var husbonden på Nigard i 1831 vorte gift med Berte Simensdtr. Tollersrud. Ho var født same året

som husbonden sjølv, altså 1812, og dei fekk 3 born i ekteskapet. Det var: 1. Matea, f. 1831, b. Ole f. 1833, og c. Simen f. 1836.

I samband med jordbruksstillingane i 1865 vart det gitt mange interessante opplysningar om Midtjørstad-gardane. På Nigard, der Erland Olsen framleis var brukar også i 1865, var det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid 222 mål, og av dette var 75 mål jord av 1. klasse. På sjølve garden var det da eit krøterhald på 4 hestar, 18 naut, 18 sauer og 10 geiter, men dertil var det på husmannsplassane som hørde Nigarden til: 4 naut, 17 sauer og 5 geiter. Først på same måten var utsæden av korn på sjølve garden: ½ td. rug, 5 tdr. bygg, 5 tdr. blandkorn og ½ td. erter, og av sette-poteter 6 tdr., dertil var det påplassar som hørde Nigarden til sett 2 tdr. poteter.

På Oppigard Midtjørstad, med Hans Simensen som brukar også i 1865, var det tilsvarende jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer 192 mål og av dette var 88(?) mål jord av 1. klasse. Buskapen på sjølve garden var da 3 hestar, 17 naut, 13 sauer og 10 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til garden 2 kyr, 4 sauer og 3 geiter og dessutan hos Halvor på føderådsbruket 3 kyr, 4 sauer og 3 geiter. Først på same måten var det sådd på sjølve garden: ½ td. rug, 5 tdr. bygg, 6 tdr. blandkorn og havre, ½ td. erter og dessutan sett 8 tdr. poteter, dertil var det på føderådsbruket og plassane sådd ½ td. bygg og 2 tdr. blandkorn og sett 2 tdr. poteter.

I den tid Hans Simensen var brukar av Oppigarden og Erland Olsen var brukar av Nigard var det elles fleire rettssaker og kommisjonsforlik mellom gardbrukarane på Jørstadgardane om åvirke i og grenseliner mellom skogteigar og om Baksetra.

21. mars 1868 gav Erland Olsen skjøte til son sin Ole Erlandsen på ættegarden Midtjørstad for kjøpesum 1600 spd. + føderåd 300 spd. – To år seinare var det i 1870-71 stor utskiftingsforretning av Skjelbrei- og Aalkjernmarkens Sameieskoger. – Etter atter åtte år gav i 1879 Hans Simensen i Oppigard skjøte til sonen Simen Hansen på grd. Jørstad midtre øvre m/Bakkeseteren for sum kr. 7.200,- + føderåd etter 5-årig verdi kr. 1000,-.

I 1886 kom endeleg den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og garden fekk da tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Jørstad midtre, som før hadde matr. Nr. 101, fekk da gardsnummer 166 med ei samla matrikkelskyld på 27,37 mark, og det var ved starten i 1886 to bruksnr. under gardsnr. 166. Det var: Grnr. 166, br.nr. i Jørstad mellom nedre av skyld 14,15 mark, og bruksnr. 2 Jørstad mellom øvre av skyld 13,22 mark. Eigar og brukar på Midtjørstad nedre var framleis Ole Erlandsen, og eigar og brukar på Midtjørstad øvre var da Christen Olsen.

Ole Erlandsen brukte Nigarden til i 1902. Da gav han skjøte på grd. Jørstad mellom nedre til son sin Erland Jørstad for kjøpesum kr. 5.700,- + føderåd av 5 årig verdi kr. 1000,-.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at gr.nr. 166, br.nr. 2 Jørstad mellom øvre var overtatt av Simen Hansen. – Ti år seinare kjøpte i 1912 Mathias Iversen gr.nr. 166, br.nr. 3 Finsveen av skyld 0,16 mark, og etter atter fem år kjøpte i 1917 Magnus Arntsen br.nr. 4 Borgtun av skyld 0,55 mark. Ole M. Moshølen kjøpte i 1920 br.nr. 5 Moshølvollen av skkyld 0,15 mark, og Torvald Odsæteren kjøpte br.nr. 6 Kriklum.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det framleis 6 bruksnr. under gardsnr. 166 Jørstad mellom. Av desse var det likevel berre 4 bruk som hadde eit samla jordbruksareal av åker, hege, eng og kulturbeite på til saman meir enn 10 mål. Det var: 1. gr.nr. 166, br.nr. 1 Jørstad mellom nedre med eit jordbruksareal på ca. 110 mål, b. br.nr. 2 Jørstad mellom øvre med eit jordbruksareal på ca. 125 mål, c. br.nr. 4 Borgtun mellom øvre med areal ca. 12 mål, og d. br.nr. 6 Kriklum med areal ca. 12 mål.

Eigar og brukar av Nigarden var da Olav E. Jørstad, eigar og brukar på Oppgarden var Kristian S. Jørstad. Kristian Akselsen hadde Borgtun, og Thorvald Mathisen var eigar og brukar av Kriklum.

Etter opplysningar frå 1952 hadde Midt-Jørstad nedre da eit prod.skogbruksareal på ca. 800 mål, og det prod. Skogbruksareal på Midt-Jørstad øvre var ca. 600 mål.